



LOKAL FAGPLAN FOR TIME KULTURSKULE KLARINETT

1. Time kulturskule sin grunnmur, generell del

1.1 Lovforankring

Kulturskulen i Time komme er forankra i opplæringslova § 13-6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles.»

1.2 Lokal organisering

Time kulturskule er organisert under kommunaleining for oppvekst og er ein skule for undervisning innan kunstnariske og kulturelle fag.

Skulen har fem ulike fagretningar med tilbod innan musikk, dans, drama, kunstfag og skapande skriving.

Kulturskulen samarbeider med barnehage og grunnskule samt aktørar i det lokale kunst- og kulturlivet. Kulturskulen er arbeidsgjevar for dirigentar og instruktørar i skulekorpsa.

1.3 Visjon for Time kulturskule

«Kulturskulen tilbyr barn og unge oppvekstvilkår som gir dei lyst på livet og evne til å meistre det»

1.4 Overordna mål

Time kulturskule er ein sentral del av den kulturelle grunnmuren i Time kommune.

Kulturskulen gir barn og unge opplæringstilbod innan musikk, kunst- og kulturfag.

Verksemda bidreg til å løfte fram kunst og kultur som bærande element i det daglege liv og i samfunnsutviklinga generelt. Kulturskulen er eit ressurscenter for kunst- og kulturverksemd i lokalsamfunnet.

1.5 Pedagogisk plattform

Både drift og undervisning i Time kulturskule tek utgangspunkt i Rammeplan for kulturskulen «Mangfald og fordjuping» (Norsk kulturskoleråd 2015-16) og tilhøyrande nasjonal fagplan.

Time kulturskule gir tilpassa og kvalitetsbasert undervisning til barn og unge busett i Time kommune.

Undervisninga gir rom for læring, skapande verksemd, oppleving og formidling av kunstnariske ferdigheter.

Kulturskulen bidrar til barn og unge si danning, fremmer respekt for andre sin kulturelle bakgrunn, bevisstgjer eigen identitet og utviklar eigen livskompetanse.

Undervisninga blir gitt som allmenndannande breiddetilbod innan kulturskulen sitt grunnprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram. Tilboda er individuelt tilpassa den enkelte elev.

1.6 Tildeling av elevplass

Tildeling av elevplass skjer via elektronisk søknad. Søknadsfrist er 1. mai for komande skuleår.

Elevplass i kulturskulen er eit betalingstilbod med kontingent fastsett av kommunestyret.

1.7. Arbeidsavtalar, teieplikt, politiattest, pedagogisk ansvar, rapporteringslinje

Lærarane i Time kulturskule er tilsett etter sentrale avtaleverk, men med lokalt utarbeidde personlege arbeidstidsavtalar.

Alle tilsette i Time kulturskule er pålagt teieplikt på lik linje med anna pedagogisk personale i kommunen.

Det er krav om politiattest for tilsetting. Dette gjeld også for arbeid knytt til frivillige organisasjonar som t.d. skulekorpsa.

Den enkelte lærar har, med forankring i nasjonal rammeplan og fagplan, det pedagogiske ansvaret for sin undervisning. Lærarane arbeidar i pedagogiske team. Administrasjonen har det overordna pedagogiske ansvaret

2. Rammefaktorar for undervisning i kulturskulen

2.1 Klarinett, Musikk - instrumentalundervisning

Mindre eller større undervisningsrom med vindu

Piano og pianokrakk

Avspillingsutstyr

Fleire notestativ i undervisningsrom

Notestativ i eleven sin heim

God lyssetting i rommet og for notelesing

Tilgjengeleg hjelpemateriell som t.d. djembe, rytmepinnar m.m.

Speil

Gode stoler for undervisninga

Eleven må ha tilgjengeleg instrument med god standard både på timen og for eigenøving/heimarbeid

Instrument kan leigast frå kulturskulen mot betaling. Det eksisterer eigen leigeavtale for dette.

Ved leigeavtale får eleven utdelt instrument med komplett «startpakke»

For vidare bruk må elev/heim sjølv kjøpe inn vedlikehaldsutstyr etter rettleiing frå sin lærar.

Ved eventuelt innkjøp av eige instrument får elev/heim rettleiing av faglærar.

Eleven må sjølv kjøpe notemateriell etter rettleiing frå sin lærar.

Eleven skal ha eigen leksebok, mappe/perm til lause noteark, noteskrivingsmaterieil, mal for øvemodellar, blyant og viskelær. Dette ordnast i lag med faglærar.

Eleven får ein fast timelærar.

Undervisning aleine eller i mindre grupper a 2-3 elevar.

Samspel og gruppeundervisning i tillegg.

Timeressurs minimum 20 minutt pr veke.

Undervisninga er tilgjengeleg for medlem i skulekorps etter avtale mellom kulturskulen og det enkelte korps.

3. Fagplan

3.1 Klarinett

Overordna mål

Overordna mål er at eleven skal lære seg å spele klarinett og kjenne glede ved det å spele.

Eleven får utvikle sitt kunstnariske potensiale og oppleve meistringskjensle. Dette gir rom for personlege vekst og bygging av sjølvkjensle.

Målet er at eleven skal få grunnleggjande ferdigheiter både instrumentalteknisk og musikalsk. Eleven skal kunne fungere som ein ressurs i det lokale skule- og kulturlivet, til glede for seg sjølv og andre.

Undervisningstimen

Læraren møter i god tid og tek godt i mot eleven. Undervisningssituasjonen skal vera forutsigbar og trygg. Læraren motiverer og oppmuntrar til glede over læring, meistring, og utøving.

Timen skal innehalde høyring av heimearbeid/lekse og gjennomgang av nytt undervisningsstoff. Eleven får tydeleg informasjon om kva og korleis ho/han skal arbeide heime fram til neste time. Det bør også vera tid til speling av tidlegare innøvd repertoar. Målet er å oppmuntre eleven til å uttrykke eigne musikalske idear. Speletimane skal også innehalde gehørbasert undervisning og skapande aktivitet som styrker evna til å utøve og uttrykke seg på instrumentet.

Læraren skal førebu eleven til å meistre eventuelle speleoppdrag og konsertopptredingar. Konsertopplevinga skal evaluerast saman med lærar.

Bruk av lærebøker

På alle nivå treng eleven ein eller fleire lærebøker. I tillegg kan det være aktuelt å kjøpe suppleringsstoff, avhengig av eleven sitt behov og eigne ønskjer. Læraren er ansvarleg for å rettleie ved innkjøp av bøker og notemateriell.

Undervisninga følgjer progresjon og metode i aktuelle lærebøker for dei ulike instrumenta. Lærebøkene sikrar pedagogisk opplegg og god progresjon.

Læraren sørgjer for kontinuerleg individuell rettleiing med utgangspunkt i eleven sine behov. Målet er at eleven ikkje sit igjen med "hol" og manglar i utviklinga på instrumentet.

Det er viktig med repetisjon av det som allereie er innlært i kombinasjon med nye ting. Elevane er med på å besette deler av repertoaret.

Progresjon og utvikling vil vera individuell.

Element i opplæringa

Opplæringa skal ha ein naturleg progresjon tilrettelagd for den enkelte elev.

Undervisninga har ein naturleg kombinasjon av kjend stoff og nye utfordringar for vidareutvikling.

Nødvendige ferdigheter i instrumentalopplæringa er:

Notelære, rytmelære, rytmiske mønster, nye grep og fingerteknikk, teori, skalaøvingar i ulike toneartar og lytting.

Det er viktig med repertoar henta frå ulike musikksjangrar.

Samspel er ein sentral del av kulturskolen si undervisningskultur. Alle elevar skal få ta del i ensemblespill i små eller større grupper. Det sosiale aspektet med å lære seg samhandling gjennom felles musisering er ein viktig del av denne undervisningsforma.

Heimeoppgåver/øverutinar

«Øve, øve, jamt og trutt og tappert det er tingen» Det å vera instrumentalelev i kulturskolen inneber nokre forpliktingar. For å få utbytte og framgang i læringsprosessessen, må eleven gjere heimeleksene sine. All læring krev eigeninnsats og deltaking. Instrumentalelevane vert derfor lært opp i å ta ansvar for å øve jamleg på

instrumentet. Undervisninga har preg av glede og skal vera meiningsfull for alle som deltek i tilbodet. Målet er at eleven får framgang og opplever meistring.

Læraren sitt ansvar

Læraren skal vera godt førebudd, ha god kommunikasjon med elev og heim, stille krav som er realistiske og oppmuntre eleven til innsats og deltaking. Lærar melder i frå om innkjøp av noter og repertoar og rettleier tydeleg i kva og korleis eleven skal arbeide heime med øving og oppgåver. Læraren tilrettelegg samspeltilbod innad eller på tvers av instrumentgrupper og oppmodar elevane om å delta.

Kulturskuleundervisninga baserer seg på at lærar stimulerer elevane til å opptre og å dele musikken med andre. Læraren utarbeider individuelle årsplanar/opplæringsplanar for kvar elev. Planane skal eventuelt justerast i løpet av skuleåret.

På mellom- og vidaregåande nivå skal læraren samarbeide med eleven om innhald i årsplanen med tydeleg målsetting, satsingsnivå og val av repertoar.

Eleven sitt ansvar

Møte til rett tidspunkt på timane, innarbeide gode øvingsrutinar, halde orden på beskjeder og noter. Være førebudd til ny undervisningstime, følgje opp heimeoppgåver og øving. Ved fråvær skal ho/han gi beskjed til lærar. Elevar på mellom- og vidaregåande nivå skal ta del i val av repertoar og nedfelle mål for undervisninga etter initiativ frå og i samarbeid med sin lærar. Delta på trekant-/foreldresamtalar kvart skuleår.

Foreldre/ føresette sitt ansvar

Alle elevar må ha eige instrument og notestativ tilgjengeleg heime. Eleven kan leige instrument av kulturskulen. Instrument og noter bringes alltid med på speletimane. Foreldre/føresette skal hjelpe og oppmode eleven til gode øvingsrutinar og gjennomføring av heimeoppgåver. Ved fråvær skal dei gi beskjed til lærar eller kulturskulen sin administrasjon. Dersom eleven møter vanskar eller særlege utfordringar, skal foreldre/føresette ta kontakt med lærar og/eller administrasjon for på ein god måte å finne løysning på dette. Foreldre/føresette skal støtte opp om aktuelle arrangement i kulturskulen. Delta på trekant-/foreldresamtalar kvart skuleår.

Nivå

For å få god oversikt og system i opplæringa, er opplegg med lærebøker og repertoarutval delt inn i 4 ulike nivå etter vanskegrad. Nybyrjar, mellomnivå, vidarekomen nivå og fordjupingsnivå.

Oversikta viser kva eleven kan lære på dei ulike nivå. Dette skal vera med å motivera eleven til å utvikle seg på instrumentet og å gi undervisninga god framdrift.

Alle elevar på klarinett får tilbod om samspel i små eller større grupper innad og/eller på tvers av instrumentgrupper. Det er også høve til å delta i JUSI - Jæren Ung Symfoni - eit samarbeid mellom Klepp, Hå og Time kulturskule. Målet er å styrke opplæringstilbodet for akustiske orkesterinstrument. Undervisninga skjer bolkevis med inndeling i grupper etter alder/nivå.

Elevar på høgare nivå kan søkje seg inn på fordjupingsprogrammet «Fredagskulen». Tilbodet er for elevar frå og med 7. trinn som syner særleg interesse og arbeidsinnsats. Her får elevane utvida undervisningstid med auka vanskegrad aleine med lærar og i grupper.

Kulturskuleelevar på 10. trinn deltek i det årlege produksjon og framføring av ein tverrfagleg ungdomsmusikal.

Elevar som arbeider med mindre eller større musikk-/solostykkje og verk, kan få eigne interpretasjonstimar med pianoakkompagnement.

Klarinett, Nivå 1 - Eleven får lære:

Innføring i praktisk bruk og stell av instrumentet.

Sette saman og ta frå kvarandre klarinetten på rett måte

Bruk av korkefett og tørkefille

Plassering og bruk av munnstykke, klemme og flis/rør

Stell og innkjøp av rett tilpassa fliser/rør

Haldning, stå- og sittestilling

Speleteknikk – munnstilling, korleis halda instrumentet rett, handstilling, fingerteknikk

Ansats av tonar – tungeteknikk og artikulering

Pust, luftbruk og blåseteknikk, magemuskulatur

Starte med å meistre tonane i mellomregisteret og etter kvart lågt register

Spele melodilinjer og songar

Pulstrening, enkel rytmetrening

Grunnleggjande musikkteori – notelære, taktart, rytme, enkle musikkuttrykk.

Skalaer og toneartar med inntil 1 # og 2 b : G-dur, F-dur, B-dur

Lytting / gehørtrening / hermespeling / finne på rytmar og melodistrofer

Verta bevisst på eigen tone og klang i instrumentet

God kjennskap til instrumentet, verta fortroleg med å halde det og å spele på det

Solospel og samspel

På nivå 1 bør heimeøving vere minst 15 minutt dagleg.

Eksempel : Lærebøker på nivå 1 - nybegynnar

Paul Harris: Clarinet Basics

Lunde Eielsen: Min egen klarinettskole 1

Vannebo/Mortensen: Midt i Blinken 1

Rita Kvalnes: Spill Klarinett 1

Agnestig: Klarinettskole 1

Dangain: L'A.B.C. du jeune clarinettiste

Klarinett, Nivå 2 - Eleven får lære:

Oppfølging i bruk og praktisk stell av instrumentet

Stell og innkjøp av rett tilpassa fliser/rør

Oppfølging av haldning, stå- og sittestilling

Oppfølging av speleteknikk – munnstilling, handstilling, fingerteknikk
Ansats – tungeteknikk og ulike former for artikulering
Pust, luftbruk og blåseteknikk, magemuskulatur
Arbeide med overgangen til høgt register, kombinasjon av lågt- mellom- og høgt register
Spele lengre melodilinjer og musikkstykker i ulike genre
Grunnleggjande musikkteori – notelære, taktart, rytme, meir avanserte musikkuttrykk.
Skalaer og toneartar med inntil 3 # og 3 b
Dur og molltoneartar
Kromatisk skala, forståing av hel- og halvtonetrinn
Lytting / gehørtrening / hermespeiling / finne på rytmar og melodistrofer
Utvikle god tone og klang i instrumentet
Solospel og samspel
På nivå 2 bør heimeøving vere minst 20 minutt dagleg.

Eksempel: Lærebøker på nivå 2 – mellomnivå

Vannebo/Mortensen : Midt i Blinken 2
Lunde/Eielsen: Min egen klarinettskole 2
Agnestig: Klarinettskole 2
Rita Kvalnes: Spill Klarinett 2 Paul Harris's Clarinet Basics
Paul Harris's Clarinet Basics Repertoire
Norén/Johansson/Norén: Klarinett.nu 2
Dangain: L'A.B.C. du jeune clarinettiste
Lunde/Eielsen: Etydebok

Klarinett, Nivå 3 – vidarekome nivå

Oppfølging i bruk og praktisk stell av instrumentet
Stell av rett tilpassa fliser/rør
Oppfølging av haldning, stå- og sittestilling
Oppfølging av speleteknikk – munnstilling, handstilling, fingerteknikk
Ansats – utvida bruk av tungeteknikk og ulike former for artikulering
Pust, luftbruk og blåseteknikk, magemuskulatur
Meistre overgangen til høgt register
Kunne kombinere lågt- mellom- og høgt register
Utøve musikkstykker i ulike genre
Musikkteori – notelære, taktart, rytme, musikkuttrykk
Skalaer - dur og molltoneartar med inntil 4 # og 4 b
Lytting / gehørtrening / hermespeiling / finne på rytmar og melodistrofer
Bevisst klang i instrumentet
Musikalsk innleving, uttrykk og formidling
Solospel og samspel
På nivå 3 bør heimeøving vera minimum 30 minutt dagleg.

Eksempel: Lærebøker på nivå 3 – vidarekome nivå

Paul Harris's Clarinet Basics Repertoire
Lunde/Eielsen: Min egen klarinettskole 3
Agnestig: Klarinettskole 3
Lunde/Eielsen: Min egen klarinettskole 4

Agnestig: Klarinettskole 4

Lancelot: 22 études

Lancelot: 26 études

Lunde/Eielsen: Etydebok

Klarinett, Nivå 4 – fordjupingsnivå

Oppfølging i bruk og praktisk stell av instrumentet

Stell av rett tilpassa fliser/rør

Oppfølging av haldning, stå- og sittestilling

Oppfølging av speleteknikk – munnstilling, handstilling, fingerteknikk

Ansats – utvida bruk av tungeteknikk og ulik form for artikulering

Pust, luftbruk og blåseteknikk, magemuskulatur

Meistre overgangen til høgt register

Kunne kombinere lågt- mellom- og høgt register

Utvide høgt register til meistring av heile instrumentet sitt omfang

Utøve musikkstykkjer på høgare nivå i ulike genre

Omfattande musikkteori – notelære, taktart, rytme, detaljerte musikkuttrykk.

Skalaer - dur og molltoneartar i heile kvintsirkelen

Lytting / gehørtrening / hermespeling / finne på rytmar og melodistrofer

Klangvariasjon

Musikalsk innleving, uttrykk og formidling

Solospel og samspel

På nivå 4 bør heimeøving vere 30-60 minutt dagleg.

Eksempel: Lærebøker på nivå 4 – fordjupings nivå

Solostykker som kvalifiserer til / er krav ved opptaksprøver for utdanning i musikk på universitets- og høyskolenivå:

Carl M. Von Weber: Concertino

Gade: Fantasistykker op. 43

Schumann: Fantasistykker op. 73

Andre solostykke for klarinett og piano etter avtale og i dialog med lærer, eksempelvis:

Cahuzac: Cantilene

Cahuzac: Fantasie V Arie

stamitz: Konser5t no 3

Mendelsohn: sonate

Rossini/Ettliger: Sonate nr 3

Finzi: Five Bagatelles

Etyder, eksempelvis:

Lazarus: Method for clarinet 1 – 2

Rosè: 26 Etudes

Demnitz: Elementârschule für Klarinette